

# **Postpensjonistane i Sogn og Fjordane**

## **Årsmelding 2021**

### **Årsmøtet 2021**

Årsmøtet 2021 vart avvikla på Thon Hotel, Skei fredag 23.04.2021. Det møtte 22 medlemmer. Før sjølv årsmøtet hadde vi innslag av leiar av Pensjonistforbundet i Sogn og Fjordane Nils Gjerland som orienterte om aktivitetar i laget. Den største utfordringa siste 2 åra var å kome rundt til flest mogelege av dei 70 lokale laga. Det hadde vore vanskeleg på grunn av korona.

Regionleiar i LO Nils Petter Støyva var invitert for å orientere om forsikring. Han kunne ikkje stille opp personleg, men han orienterte oss via storskjerm frå kontoret sitt i Førde. Hovedbodskapen hans var at det var viktig å vere postpensjonist medlem. Om det er noko vi lurer på når det gjeld forsikring, kan vi ta kontakt med Sparebank 1.

Medlem Jarl Audun Rivedal stillte opp med eit humoristisk og musikalsk innslag som fekk oss i god stemning

### **Styret og nemnder.**

I meldingsåret har styret og nemnder vore samansett slik:

Leiar	Jermund Fimreite
Nestleiar	Osvald Olsen
Sekretær	Oddny Rosenlid
Økonomiansvarleg	Anders Vosseteig
Styremedlem	Kjell Skår
Vararepr.	1. John Lien. 2. Grete Finnebotten, 3. Halmar Fureli
Revisorar	Oddmund Alværen og Oddvar Sande. Vara. Tore Skjerven
Aktivitetsnemnd	Leiar Anna Lunestad, medlemer Aud Ryssdal og Oddny Rosenlid,
	Vara. Hjalmar Fureli
Valnemnd	Leiar Arnt Bøe, Medlem Bente Troye Vara. Eldbjørg Hustveit

### **Styremøter og deltaking i andre møter.**

Det har vore halde 11 styremøter og handsama 51 saker. Styret har vore representert på dei treffmøta og turane som har vore. Den 7.-8.juni 2021 vart Landsmøtet halde digitalt på grunn av korona. Leiaren deltok. Leiar deltok også på leiarkonferanse på Gardermoen 5.-6. 10.2021

### **Medlemsbladet:**

Det er utgitt 6 nummer av medlemsbladet i 2021, og det har vore sendt ut 2 tilleggsark. Diverre vart innbydinga til Haustmøtet borte i Posten, så ingen mottok den.

## **Medlemskap og medlemserving.**

Medlemsutviklinga i 2021 har vore negativ. Mange utmeldingar (mest pga. alder) og dødsfall.

Medlemsutvikling i 2021 har vore slik:

Medlemmer pr. 01.01.21	253
Nye medlemmer	+ 15
Antal døde	- 8
Utmelde/flytta	- 14
Medlemmer pr. 31.12.21	246

## **Samarbeid med Sogn og Fjordane pensjonistlag.**

Leiar Nils Gjerland deltok på årsmøtet 23.4.2021 og haustmøtet 19.11.2021. Der han orienterte om arbeidet i laget.

## **Trygdeoppgjeret.**

Trygdeoppgjeret er i år historisk, fordi reguleringsmekanismen med fråtrekk på 0,75% er ein sagablott. Dermed er fleire år med tap av kjøpekraft for landets pensjonistar slutt.

## **Økonomi.**

Kontingensten har i 2021 vore kr. 102,- for medlemmar. For ikkje medlemmar i Fagforbundet Post og Finans var den kr. 321,-.

Rekneskapen syner eit overskot på kr. 50 617,62 mot budsjettet 23 000,00. Vi fekk eit tilskot frå «Onkelfondet» på Kr. 50 000,00. Vi fekk også eit koronatilskot på kr. 6 059,00 i mai månad. I august fekk vi kr. 20 530,00 som tilskot frå Fagforbundet for 2020 og 2021. Bankinnskot pr. 31.12.21 er kr 195 098,12. Grasrotandelen frå Norsk Tipping gav oss i 2021 ei inntekt på kr. 22 331,86. Takk til alle som har støtta oss. Til dei som ikkje har nytta seg av tilbodet, kan vi minne om at vårt organisasjonsnummer er 994 563 106. **Registrer deg du også.**

## **Aktivitetsnemnda.**

I meldingsåret har aktivitetsnemnda vore samansett slik:

Medlemer : Anna Lunestad

    Aud Ryssdal

    Oddny Rosenlid

Varamedlem: Hjalmar Fureli

## **Treffmøte.**

Det har i meldingsåret vore halde 3 treffmøter/turar.

Det første treffmøtet gjekk til Astrictunet 2. juni. Der møtte 12 personar. På grunn av at dei held på og restaurerer tunet, køyerde vi til Fjordamattunet på Vassenden for matservering.

#### **Turar.**

Det vart arrangert ein rundtur med buss Lavik-Oppedal-Matre-Kilstraumen-Byrknesøy og retur til Oppedal-Lavik. Det var 22 personar som hadde ein fin tur med heilt ny buss.

Den siste turen gjekk til Sagastad Vikingmuseum på Nordfjordeid med lunsj på Nordfjord Hotell. Der var vi samla 27 personar til ei hyggjeleg økt .

**Haustmøtet** vart avvikla på Thon Hotell, Skei den 19.november 2021. Der møtte 39 personar. Trygve Hellberg frå Aqva Hub, hadde ein fin presentasjon om oppdrett av laks. Vidare hadde vi invitert Nils Gjerland, leiar i Sogn og Fjordane Pensjonistforbund for å orientere om kva laget arbeider med. Anna Lunestad viste bilde på Powerpoint frå treff og turar vi hadde avvikla i 2021 og treff og turar vi planlegg i 2022. Før middagen hadde vi ei fin og artig underhaldning av gruppa «Skøy» frå Atløy.

På årsmøtet og haustmøtet hadde aktivitetsnemnda ansvar for utloddninga og underhaldninga. Medlemmene hadde som vanleg skaffa gevinstane, og takk for det.

Aktivitetsnemnda vil takke alle medlemmene for hyggjeleg samarbeid og deltaking i tilboda dei har hatt. Godt sosialt samvær vil alltid vere ein styrke for avdelinga, og vi ser fram til nye samvær i 2022.

Styret er glade for dei tilboda som aktivitetsnemnda gjev medlemene. God planlegging og gjennomføring har gjeve god deltaking på alle aktivitetane. Dette styrkjer kameratskap og samhald.

#### **Takk.**

Styret vil takke nemnder og medlemer for positiv interesse for det vi arbeider med, og for godt samarbeid. Vi er glade for god oppslutnad om turar og møter. Solidaritet gjev styrke.

Slinde, 8.1.2022

Jermund Fimreite, Osvald Olsen, Oddny Rosenlid, Anders Vosseteig , Kjell Skår, Anna Lunestad, Aud Ryssdal, John Lien, Grete Finnebotn, Hjalmar Fureli